

RAULAND SKISENTER AS
Vinje Rjukanvegen 1066
3864 RAULAND
Att.Håvard Bjørke

Dato:02.12.2025
Vår referanse: 2025/6371-5
Sakshandsamar:Kjell Negarden

152/231 - Løyve til anlegg - nytt anlegg/konstruksjon - Rauland skisenter

Tiltak: Anlegg - nytt anlegg/konstruksjon
Tiltakets adresse: Rauland skisenter, 3864 RAULAND
Eigedom: 152/231 – 153/2
Tiltakshavar: RAULAND SKISENTER AS
Ansvarleg søker: RAULAND SKISENTER AS
Bruksareal:
Bebyggd areal:
Bruttoareal:

Delegert vedtak: 229/25

Vedtak

Det vert gjev løyve til legging av vassleidning som omsøkt.
Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår gjeve i PBL og byggteknisk forskrift TEK-17.

Saksutgreiing

Bakgrunn og beskriving

Referanse:
Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20160009 Rukkemo-Torvetjønn.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 12.09.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 12.09.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/6371-1. Tiltaket gjeld ny vassleidning til snokanoianlegg. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Nabovarsling

Naboar er ikkje varsla, grunna avstand til naboar.
Det er ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søker.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne.
Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

Vilkår

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.
Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).

Der kommunen har eige overvassanlegg, skal ein knyte seg til dette. Forsvarleg handtering av overvatn er tiltakshavars ansvar.

Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4 og § 23-5

Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søker		Tilt.kl.	Føretak m/organisasjonsnummer
SØK	Ansvarleg søker	1	Rauland Skisenter AS <i>Orgnr: 977 499 453</i>
PRO	Røyrtrase	1	Rauland Skisenter AS <i>Orgnr: 977 499 453</i>

SØK = Ansvarleg søker – PRO = Ansvarleg prosjekterande

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-6

Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket		Tilt.kl.	Føretak m/organisasjonsnummer
UTF	Røyrleidning	1	Ikkje oppgjeve <i>Orgnr: xxx xxx xxx</i>

UTF = Ansvarleg utførande

Erklæring om ansvar for utføring må sendast inn.

Gebyr

Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ av 01.07.2010 – sist oppdatert 01.01.2025:
Løyve til tiltak – Type tiltak : Anleggsarbeid- mindre tiltak kr. 5.880,-
Arealgrunnlag: BRA/BYA = m2 / m2

Faktura for gebyr vert ettersendt. Faktura må betalast til forfall.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

RAULAND SKISENTER AS